



Jan Ole Seim

Referanser:

Dykker:

Vår: 14/4312 - 16/31674

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no


Dato:

17.11.2016

Tilbakemelding etter møte vedkomande frådeling av tomt og etablering av bustad - gbnr 170/4 Vatne

Vi syner til søknad om frådeling av tomt og søknad om etablering av bustad, og møte med byggesak den 16.11.2016 på Rådhuset.

Situasjonskartet under syner omsøkte prosjekt. Vi ser at saka har trukket ut i tid og det er naudsynt å kome vidare i saka. I dette skrivet tar vi difor for oss korleis saka står per i dag og kva som må avklarast i saka.



Vegtilkomst

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Teknisk Drift hos Lindås kommune stiller seg positiv til avkøyrslle som skildra på situasjonskartet (bilde på side 1). Det stilles krav til eit maks stigningsforhold 1:8 på de første 50 + 2 metrene.

Samstundes skal dette vurderast som ei selvstendig tomt for framtida der det stilles krav til at utrykningskøyretøy skal kunne køyre heilt opp til huset, samt at det uansett føre er forsvarleg tilkomstveg for bustaden. Ein ser også utfordring med vedlikehald av veg, særskilt med tanke på grusdekket.

Kulturminne på tomta

Hordaland Fylkeskommune har vore på synfaring på staden og har kome med ei skriftleg vurdering av tilkomstveg. De stiller seg positiv til tilkomstveg dersom dette er ei grusveg og ikkje vert plassert nærmere bautasteinene enn skildra på situasjonskartet.

Landbrukskontoret i Lindås

Landbrukskontoret stiller seg negativ til frådeling av tomt slik plassering er i dag. De har vurdert andre deler av tomta som betre egna for frådeling, og syner til at tilkomstveg gjer inngrep på ei etablert jordbruksområde.

Vurdering

Vegtilkomst for bustaden skal utover generelle stigingskrav de første 50 metrene, også vere tilfredstillande som tilkomstveg for utrykningskøyretøy. Vidare syner vi også til grad av slitasje ver og temperatur har på grusdekke.

Landbrukskontoret har gjeve negativ innstilling til prosjektet slik det ligg føre i dag og det er difor naudsynt at du går i dialog om ei eventuell alternativ plassering. Vidare rår vi til at du går i dialog med Hordaland Fylkeskommune for å sjå om det er mogeleg å imøtegå krava deira til vern av bautasteinene, ved frådeling av tomt på bruket og bygging av bustad.

Vi syner også til at det er naudsynt med ei avklaring i frå Statens Vegvesen vedkomande eventuell søknad om utvida bruk av avkøyrslle inn på fylkesveg.

Konklusjon

Slik vi vurderer saka kan vi ikkje gjeve løyve til omsøkte prosjekt. Vår anbefaling er at du går i dialog med landbrukskontoret i Lindås og Hordaland Fylkeskommune vedkomande alternativ tomteplassering, og i kva grad det er mogeleg å imøtekome Hordaland Fylkeskommunes krav til vern av kulturminne.

Dersom De framleis ynskjer at vi handsamer Dykker søknad ber vi om ei skriftleg tilbakemelding på dette innan 2 veker.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:

Jan Ole Seim